



Møteinnkalling

Utval: SOGN REGIONRÅD
Møtestad: Scandic Ørnen, Lars Hillesgate 18, Bergen
Møtedato: 13.02.2019 **Tid:** 13:15 - 15:00

Eventuelt forfall skal meldast til telefon 57 62 96 14 - Varamedlemmar møter etter nærare avtale.

Dagsorden

Møte i representantskap SIMAS, Scandic Ørnen

1130-1230 Møte representantskapen i SIMAS

1230-1315 Lunsj

Møte i Sogn regionråd, Scandic Ørnen

1315-1500 Oppmøte
Godkjenning av innkalling og sakliste
Godkjenning av protokoll frå møtet 7.12.2018
Handsaming av saker i Sogn regionråd

Kommunane i Sogn regionråd inviterer til eige arrangement, Scandic Ørnen

1500 Servering

1530 Velkomst v/ ordførar

1540-1700 Leiarar og tilsette i ulike kommunar fortel kort om moglegheiter og karriereval

Karrieremesse, Grieghallen

1800-2100 Seminar kl 18-1915, stand, mat og underhaldning frå kl 1915-21

Sakliste

Saksnr.	Arkivsaksnr. Tittel
1/19	19/446-1 Val av leiar i Sogn regionråd 2019
2/19	17/388-7 Vitensenter Sogn og Fjordane
3/19	18/2796-6 Prosjekt for fellesgodefinansiering - representant til styringsgruppa og søknad om prosjektstøtte
4/19	18/3307-21 Samarbeid om kommunepsykologar - midlar til arbeidet
5/19	19/447-1 Orienteringssaker Sogn regionråd

Sogndal, 7.2.2019

Jan Geir Solheim
leiar

Karina Nerland
dagleg leiar

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 19/446

Arkiv: 033 &85

Saknr.: Utval
1/19 Sogn regionråd

Møtedato
13.02.2019

Sak 1/19

Val av leiar i Sogn regionråd 2019

Tilråding:

For 2019 vert

- --- vald som leiar i rådet
- --- vald som nestleiar i rådet.

Saksutgreiing:

I samsvar med vedtektene §3 skal det på første rådsmøte kvart år veljast leiar og nestleiar.

Oversyn over leiarverva dei seinare åra:

Jan Geir Solheim, leiar frå 2018 med Arild Inger Læg Reid som nestleiar
Petter Sortland, Høyanger leiar i 2016 og 2017
Harald N. Offerdal, Balestrand kommune var leiar i 2014 og 2015
Norald Distad, Aurland kommune var leiar i 2012 og 2013
Torodd Urnes, Luster kommune var leiar i 2010 og 2011
Jarle Aarvoll, Sogndal kommune var leiar i 2009
Marta Finden Halset, Vik kommune var leiar i 2008
Olav Lunden, Leikanger kommune var leiar i 2006 og 2007
Knut O. Aarehun, Lærdal kommune var leiar i 2004 og 2005

Sogn regionråd

Saksh.: Hanne Ørnehaug	Arkiv: U01
Arkivsak: 17/388	

Saknr.: Utval	Møtedato
2/19 Sogn regionråd	13.02.2019

Sak 2/19**Vitensenter Sogn og Fjordane****Tilråding:**

Sogn regionråd tek ikkje stilling til søknad om investeringsstøtte før det er avklara om kommunane vil bidra til å sikre driftsøkonomien til Vitensenter Sogn og Fjordane. Drifta av Vitensenter Sogn og Fjordane er avhengig av rundt 3 mill. kr. årleg i offentleg bruk/tilskot.

Sogn regionråd tilrår kvar kommune å ta stilling til om kommunen vil inngå ein avtale med Vitensenter Sogn og Fjordane om årleg bruk/driftsstøtte på eit nivå som er i samsvar med denne saksframstillinga.

Vedlegg:

Søknad frå Vitensenteret i Sogn og Fjordane

Saksutgreiing:**Bakgrunn:**

Eit vitensenter eit eit populærvitenskapleg opplevings- og læringsssenter innan matematikk, naturvitenskap og teknologi, der dei besøkande lærer ved å eksperimentere sjølv. I eit vitensenter kan barn og vaksne utforske fenomenar knytt til natur, miljø, helse og teknologi gjennom eigen aktivitet og i samarbeid med andre. Utforskande opplæring fremjar kritisk tenking og evne til å tenke naturvitenskapleg. Vitensentra rettar seg mot barnehagar og skular, samt ålmenta. Vitensentra har kompetanse i interaktiv formidling og kan vere ein ressurs for lærarutdanningane og skape realfagsglede.

Det er etablert 10 vitensenter i Noreg, og det føreligg konkrete planar og eit nytt vitensenter i Sogn og Fjordane, lokalisert til Kaupanger.

Hausten 2018 har vore nytta til planlegging av innhald og interaktive installasjonar ved senteret. Det er gjennomført idémyldringar med deltakarar frå skuleverk, academia og samfunnsliv. I tillegg er det samla grunnlagsinformasjon gjennom besøk til andre vitensenter og liknande over ein toårs-periode. Det er inngått ein intensjonsavtale med VilVite senteret i Bergen. Tidelegare direktør Svein Anders Dahl er knytt til arbeidet som fagleg konsulent for innhaldsutviklinga. Høgskulen på Vestlandet (HVL), er medeigar i vitensenteret, og har koordinert arbeidet med idéutvikling. Rapport om dette er i sluttfasen. Dei tematiske satsingsfeltene for senteret vil følgje ein såkalla REINT-profil: **R**essursar, **E**nergi, **I**demyldring, **N**atur og **T**eknologi.

Planane for inneverande år er å vidareutvikle installasjonar og lage tilhøyrande læringsprogram våren 2019. Tinging av installasjonar vil byrje hausten 2019. Ei viktig side ved utvikling av innhald og installasjonar vil vere å tenkje sikring av gjenbesøk gjennom fornying og vidareutvikling av installasjonane. Dette ønskjer ein m.a. å sikre gjennom rekruttering av fagkompetanse innan området. Vitensenteret vil også innehalde næringsaktivitet. Det er planlagt ein innovasjonslab med møterom, kontorplassutleige, kafé og areal for firmaarrangement.

Vitensenteret skal vere ein arena for nettverksbygging og samarbeid i regionen.

Sogndal kommune har fått ein søknad om støtte til innhaldsutvikling på kr. 3 000 000. I handsaminga av budsjett og økonomiplan i desember 2018 vart økonomiplanen vedteken med følgjande formulering:

Vitensenteret i Sogn og Fjordane har søkt kommunen om støtte til innhaldsutvikling på kr 3 mill. I tillegg er det lagd til grunn ei årleg driftsstøtte/kjøp av tenester frå kommunane og fylkeskommunen på til saman 3 mill. kroner. Kommunen er oppteken av å sikre finansiering av innhaldsutviklinga og drifta ved vitensenteret. Skal vi lukkast med det må alle kommunane i Sogn binde seg til å kjøpe tenester ved senteret eller yte eit årleg driftstilskot. Vertskommunen, nye Sogndal kommune, må ta eit særleg ansvar for dette. Sogndal kommune vil fremja sak i Sogn regionråd og i nye Sogndal kommune i 2019 med sikte på medfinansiering av innhaldsutviklinga og framtidig driftsøkonomi ved senteret frå kommunane i Sogn.

Det er såleis to problemstillingar Sogn regionråd er invitert til drøfte, investeringsstøtte og driftsstøtte. I denne saka bør difor begge desse aspekta verte vurdert.

Driftsøkonomi:

I utgreiingane om driftsøkonomi for Vitensenter Sogn og Fjordane, er det peika på at det er behov for ein grunnøkonomi knytt til offentlege kjøp og tilskot på 2,5 – 3 mill.kr. I eit estimat over kor mykje bruk dette tilsvarar for kvar kommune så er følgjande tabell utarbeidd, med utgangspunkt i eit offentleg kjøp på kr. 2,6 mill.kr:

Grunnskule	Bruk i dagar i snitt pr. veke	Bruk i dagar på årsbasis	Bruk pr. klasse	Kostnadar i kjøp
Sogndal kommune	2 dagar	76 dagar	1,7 dag pr. klasse	550.000
Luster kommune	1,25 dagar	47 dagar	1,3 dag pr. klasse	250.000
Leikanger	0,75 dag	28 dagar	1,4 dag pr. klasse	150.000
Lærdal kommune	0,5 dag	19 dagar	1,5 dag pr. klasse	100.000
Aurland kommune	0,5 dag	19 dagar	1,5 dag pr. klasse	100.000
Balestrand kommune	0,5 dag	19 dagar	1,7 dag pr. klasse	100.000
Høyanger kommune	0,5 dag	19 dagar	0,8 dag pr. klasse	100.000
Vik kommune	0,5 dag	19 dagar	1 dag pr. klasse	100.000
Årdal kommune	0,5 dag	19 dagar	0,7 dag pr. klasse	100.000
Andre kommunar	1 dag	38 dagar	Alle skular i fylket elles.	300.000
Sum kjøp grunnskule				2.050.000
Barnehage	Bruk i dagar i snitt pr. veke	Bruk i dagar på årsbasis	Bruk pr. barnehage i regionen	Kostnadar i kjøp
Barnehagar	1 dag	38 dagar	0,75 pr. barnehage (51 barnehagar i regionen, av desse 5 private)	200.000 (3900 pr. barnehage i snitt)
Vidaregåande opplæring	Bruk i dagar i snitt pr. veke	Bruk i dagar på årsbasis		Kostnadar i kjøp
Årdal vgs, Sogndal vgs, Sygna vgs og Sogn jord- og hagebruksskule	1 dag	38 dagar		300.000
SFO	Tilgjengelege veker i ferie	Bruk i dagar på årsbasis		Kostnadar i kjøp
SFO	5	50 dagar		250.000
SUM ALT OFFENTLEG KJØP				Kr. 2.600.000

Grunnleggande premisser for modellen:

Modellen tek utgangspunkt i Sogndal kommune sin budsjettmodell, der årsverknaden av ein undervisningstime (60 minutt) i grunnskulen er vurdert til om lag kr. 40 000 (vert årleg justert for løns- og prisvekst). Det er lagt til grunn at Vitensenter Sogn og Fjordane kan ha 2 grupper pr. dag i totalt 5 timar (om lag frå kl. 09.15 – kl. 14.15), det vil seie at det er totalt 10 grupper i løpet av ei veke. Modellen legg til grunn at ei gruppe som kjem til vitensenteret er der heile dagen og får realfagsundervisning i bolkundervisning.

Dei som ikkje går inn på ein langsiktig avtale, men heller kjøper tilfeldige dagar, er det føresett at må betale noko meir pr. dag, og det er difor lagt til grunn ein dagskostnad på kr. 8000 for ein dag med undervisningsopplegg for gjesteklassar (altså klassar utanfor Sogn regionråd).

Ein undervisningstime i vidaregåande er dyrare enn ein grunnskuletime, og det er difor estimert noko høgare inntekter frå sal av timar til vidaregåande opplæring. Barnehage er lagt til grunn at betalar det same som grunnskular.

Eit skuleår er 38 veker, og det er lagt til grunn sal av 10 dagar med grupper i alle desse vekene. Totalt er det altså 380 dagar som kan seljast av Vitensenter Sogn og Fjordane i skuleåret.

I premissen for fordeling av desse dagane er det lagt til grunn at dei kommunane som ligg nærast senteret vil kunne nytte det mest. Det vil seie at Sogndal kommune er lagt inn med høgast bruk, deretter kjem Luster og Leikanger. Lærdal, Årdal, Aurland, Vik, Balestrand og

Høyanger er lagt inn med ein flat låg bruk. Sidan Sogndal er nærast og vil ha mest «lågterskel» nytte, er det lagt inn ein noko høgare kjøpssum for Sogndal sine to dagar enn dei andre kommunane. I dette ligg mellom anna større moglegheit til å ha noko lengre dagar enn det som elles er føresett i notatet.

Det er elles lagt til grunn at vitensenteret kan selje grupper til SFO i totalt 5 ferieveker i løpet av eit år, totalt 25 dagar med to parallelle grupper, altså totalt 50 grupper. Premissen er at vitensenteret skal nå eit samla sal av tenester på kr. 2 600 000, men dette må avpassast med det faktiske budsjettet til senteret. Vurderinga som må gjerast er om det er realistisk at kommunane har eit kjøp som er på minimum dette nivået.

Investeringsøkonomi

Vitensenter Sogn og Fjordane skriv i sin søknad at dei har budsjettert med 12-15 mill.kr. i prosjektkostnadar for konseptutvikling, design, produksjon og installasjon fram til opning sommaren 2020. I vitensenteret sin forretningsplan er det lagt til grunn ei investering på minimum 10 mill.kr. for utvikling av innhald og installasjonar i perioden 2018-2020, der målsetjinga er å finansiere det i form av gåver og tilskot. I oktober 2018 fekk prosjektet 2 mill.kr. i gåvestønad frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, under føresetnad av at prodjektet får minimum 4 mill.kr. i finansiering frå andre aktørar. Vitensenteret er i ein kritisk fase i høve finansiering av innhaldsutviklinga og har difor søkt Sogndal kommune om 3 mill.kr. Denne søknaden har Sogndal kommunestyre lagt til grunn at bør handsamast i regionrådet, og der den vert sett i samanheng med driftsøkonomien.

Vurdering:

Den primære brukargruppa ved senteret er born og unge frå barnehage, grunnskule og vidaregåande skule. Elementa dei legg opp til i planlegging av besøk, gjennomføring og etterarbeid, er todelt og krev innsats frå baa partar. For det regionale høgskulemiljøet kan senteret bli ein viktig formidlingsarena for MNT-faga knytt til både lærarutdanninga og andre teknisk-naturvitskaplege utdanningar. Senteret kan også bli ein innovativ praksis- og forskingsarena for studentar ved Høgskulen. Senteret vil opprette ei «ambassadør» ordning med lærarar frå grunnskule og vidaregåande skule, samt pedagogiske leiarar i barnehagar og studentar ved HVL. Desse skal fungerer som bindeledd mellom barnehagar/skular, studieretningar ved høgskulen og senteret. «Ambassadørane» får moglegheit til å påverke og utvikle innhaldet og bidra til kvalitetssikring av læringstilbodet ved senteret. Senteret skal også bygge «realfagskapital» i befolkninga ved formidling av MNT faga til fritidsmarknaden.

Senteret vert ein natur- og kunnskapsbasert attraksjon for reiselivet i regionen, og ein ser føre seg moglegheiter for samarbeid med allereie etablerte tilbod. Aktiviteter som familiedagar for bedrifter, teambuilding, seminar og liknande vil knytte næringslivet til bruk av senteret .

Det Sogn regionråd må ta stilling til er korleis denne saka skal handsamast vidare i regionrådet og i kommunane. Då er det både eit spørsmål om korleis vi skal leggje opp ein prosess knytt til driftsøkonomi og tilskot til investeringar. I møtet bør Sogn regionråd drøfte om korleis dette skal jobbast vidare med. Drifta av Vitensenter Sogn og Fjordane er avhengig av rundt 3 mill.kr. i offentleg bruk, og før kommunane løyver midlar til investeringsføremål bør realisme i det avklarast. For å sikre ein realisme i drifta så er det naudsynt med offentleg bruk på minst det nivået som er synt i tabellen i saksutgreiinga.

Dagleg leiar tilrår at Sogn regionråd drøfter korleis drifts- og investeringsøkonomi i Vitensenter Sogn og Fjordane skal forankrast i kommunane. Dagleg leiar tilrår kvar kommune å avklara om kommunen vil gje langsiktige forpliktingar til bidrag i driftsøkonomien før regionrådet vurderer søknad om investeringsstøtte.

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland	Arkiv: U64
Arkivsak: 18/2796	

Saksnr.:	Utval	Møtedato
3/19	Sogn regionråd	13.02.2019

Sak 3/19

Prosjekt for fellesgodefinansiering - representant til styringsgruppa og søknad om prosjektstøtte

Tilråding:

Sogn regionråd sin representant til styringsgruppa for prosjekt fellesgodefinansiering vert vald

Sogn regionråd løyver kr 50 000 av regionale utviklingsmidlar for 2019 til Verdsarvrådet for Vestnorsk Fjordlandskap for prosjekt om fellesgodefinansiering.

Vedlegg:

Søknad frå Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap, 6.12.2018

Saksutgreiing:**Bakgrunn:**

Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap ber om at det blir oppnemnt representant til styringsgruppa og søker om prosjektstøtte til å utgreie ein modell for å finansiera fellesgode i verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap med omland, som nasjonalt pilotområde. Visit Sognefjord støttar opp under dette og vil prøve å utvida ordninga til å gjelda heile Sogn. Modellen skal skissera kva verktøy og moglegheitsrom kommunane og forvaltninga har for å realisera ei finansiering av fellesgode.

Sogn regionråd handsama sak om utgreiing av fellesgodefinansiering den 14.9.2018 og stilte seg positiv til at moglege løysingar vart utgreidd; utfordringar, modellar og forslag til reisemålsbidrag. Rådet meiner reisemålsbidraget bør forankrast i forskrift/pilotprosjekt. I vedtaket går det vidare fram at regionrådet tek stilling til forslag til løysing når det ligg føre. Næringsgruppa ønskjer å følgje arbeidet og drøfta organisering og framdrift med Visit Sognefjord i møtet den 12.11.2018. Næringsgruppa foreslo i møtet at Harald N. Offerdal deltek i styringsgruppa.

Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap søker om kr 50 000 for støtte til prosjektperioden januar–september 2019, fase 1-3. Dette er utvikling/kartlegging, innspelsrundar og forankring. Fase 4 og 5 er implementering og ein evalueringsfase.

Visit Sognefjord er prosjektleiar for arbeidet. Det blir iverksett ei ekstern utgreiing som grunnlag for vidare arbeid i prosjektet.

Vurdering:

Med bakgrunn i rådet sitt prinsippvedtak frå septembermøte om å støtte utgreiingsarbeidet, tilrår administrasjonen at Sogn regionråd løyver kr 50 000 til utgreiing av modell for finansiering av fellesgode i verdsarvområdet, fase 1-3 i prosjektet.

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 18/3307

Arkiv: B22

Saksnr.: Utval
4/19 Sogn regionråd

Møtedato
13.02.2019

Sak 4/19

Samarbeid om kommunepsykologar - midlar til arbeidet

Tilråding:

Sogn regionråd tilrår at kommunane sluttar seg til tilrådingane i utarbeidd rapport som grunnlag for samarbeid om psykologtenestene. Arbeidet bør vidareførast som skissert i rapporten.

Sogn regionråd løyver inntil kr 150 000 av kontigent fondsmidlar til den regionale satsinga om psykologteneste.

Vedlegg:

Rapport om samarbeid om kommunepsykologtenesta, 29.1.2019

Saksutgreiing:

Bakgrunn:

Helse Førde tok initiativ til eit samarbeid med kommunane om psykologar og orienterte først rådet og deretter rådmannsgruppa. Helse Førde ønskjer eit samarbeid for å få betre tenester, forenkle behandlinga av pasientar og sikre eit godt fagmiljø for psykologane. Rådmannsgruppa etablerte ifjor haust ei arbeidsgruppe for å utgreie aktuelle modellar for samarbeid. Det vart utforma mandat for arbeidet. Ulvestad vart leigd inn til utgreiingsarbeidet. Sogn regionråd har frå før eit samarbeid med høgskulen om ein psykolog.

20-25 prosent av befolkninga vil i løpet av livet oppleve angst. Psykiske lidningar er årsak til 1/3 av alle uføretrygdingar. 15-20 prosent av barn og unge har nedsett funksjonsevne pga psykiske vanskar. 600 personar tek sjølvmod kvart år.

Det kjem lovkrav frå 1.1.2020 om psykologkompetanse i norske kommunar (Meld. St. 26 (2014-2015) Fremtidens primærhelsetjeneste – nærhet og helhet). Lovendringa vil stilla krav til kommunane om å rekruttera personar med psykologkompetanse.

Det har vore gjennomført kartlegging i kommunane. Samandrag av statusrapportane er lagt ved rapporten. Arbeidsgruppa har møtt kommunalsjefnettverket innan helse og omsorg, som har vore referansegruppe for arbeidet.

Vurdering:

Med få stillingar i små kommunar er det ei utfordring å rekruttera og behalda psykolog. Arbeidsgruppa vurderte tilsetjing i regionalt team, men tilrår tilsetjing i kvar kommune. Dette for å sikre nært og integrert forhold til øvrig tenestemiljø i kommunane.

Utfordringane knytta til å rekruttera og behalde vart drøfta i rådmannsgruppa i møtet 29.1. Rapporten vart vurdert som grundig og god. Det vart peika på at nettverk er viktig, men truleg løyser ikkje dette behovet for fagmiljø fullt ut. Eit alternativ er tilsetjing hos ein arbeidsgjevar og at psykologane får ulike tenestestader. Rådmannsgruppa sin konklusjon er å tilrå organisering i samsvar med tilrådinga frå arbeidsgruppa med tilsetjing i kvar kommune og med regionalt samarbeid slik det er foreslått i rapporten. Det vert evaluering av samarbeidsmodell etter eitt år eller to.

Tidslinja for handsaminga i kommunane blir forlenga for å rekka politisk handsaming.

Rådmennene slutta seg til arbeidsgruppa si tilråding om ei målretta satsing innan psykisk helsevern. Som det framgår rapporten inneheld satsinga:

- Samarbeid om psykologstillingar i Sogn
- Felles utlysing av dei ledige stillingane
- Utarbeida stillingsomtaler
- Delegasjon til universiteta for å rekruttera til stillingane
- Kommunane går ilag om koordinatorfunksjonen og søker om skjønnsmidlar for 20 prosent stilling
- Fagdag for tilsette innan psykisk helsevern for å informera og skape grunnlag for satsinga i kommunane
- Utvikling av fagteam der psykolog er fagleg rådgjevar
- Etablere eit regionalt fagnettverk for kollegastøtte, gjensidig rettleiing og fagleg utvikling, dialog med spesialisthelsetenesta og som arena for rettleiing i samband med spesialisering
- Etablere ei arbeidsgruppe for avklaring av grenseoppgangar mellom kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta.
- Gjere avtale med Helse Førde om rettleiing i samband med spesialisering av psykologane

Det vert vist til tilrådinga frå arbeidsgruppa pkt 13 i rapporten.

Det går felles søknad om tilskot til psykologstillingar (kr 400 000 pr stilling).

Kommunane må førebu seg godt til å ta imot psykolog, og rapporten foreslår vidare arbeid. Dette inneber at kommunane set av tid og ressursar til arbeidet.

Det vert søkt om midlar til koordinatorfunksjonen m.m. som vist over, men det er viktig at arbeidet ikkje stoppar opp i påvente av finansiering og eksterne midlar. Administrasjonen tilrår at regionrådet set av eigne midlar til vidare arbeid: Utgifter til felles utlysing, honorar og reise for forelesar på fagdagen og ekstern bistand til koordinering og vidare arbeid. Administrasjonen tilrår at det vert sett av inntil kr 150 000 av kontigent fondsmidlar.

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 19/447

Arkiv: 062

Saksnr.: Utval
5/19 Sogn regionråd

Møtedato
13.02.2019

Sak 5/19

Orienteringssaker Sogn regionråd

Orienteringar og drøftingar

1. Leiar
 - Møte om felles interesser med Hardangerrådet, kommunane Voss og Vaksdal og Sogn regionråd 9.1.2019 i Voss, jf notat
 - Dialogmøte med nye Vestland fylkeskommune i Voss 6.2.2019
 - Erfaringsseminar med regionråda i nye Vestland fylke 15.2.2019 i Førde
2. Innspel frå medlemane
3. Arbeidsgruppene
4. Rådmannsgruppa
5. Administrasjonen
 - Bustadstrategi
 - i. Status i arbeidet
 - ii. Bustadseminar 26. mars: Framtidas bustader langs Sognefjorden
 - Psykisk helse - modulundervisning ved barnehagane
 - Seminar om integrering av innvandrarar 11.3.2019: Sogn for alle – innvandrarar som ressurs i lokalt samfunns- og næringsliv.

Skriv og meldingar

1. Referat frå møtet 9. januar og notat 31.1.2019 om samarbeid for Hardangerrådet, Sogn regionråd, kommunane Voss og Vaksdal
2. Referat frå møte i referansegruppa om klimatilpassing som miljøteknologisatsing, 8.1.2019
3. Oppseiing av avtale nye Sogndal kommune
4. Skjønsmidlar – endra prosess for tildeling, 4.12.2018
5. Erfaringsseminar om regionråda 15.2.2019 – program

Notat

Til: Kommunane Voss og Vaksdal, Hardangerrådet og Sogn regionråd

Frå: Karina Nerland, dagleg leiar i Sogn regionråd og Jostein Eitrheim, dagleg leiar i Hardangerrådet

Korleis utvikla Indre Vestland til ei kraft? Kva kan vi samarbeide om?

Hardangerrådet, Sogn regionråd og kommunane Vaksdal og Voss møttest 9. januar 2019 for å snakka om moglegheiter for tettare samarbeid når fylkesgrensa forsvinn. Tema for møtet var å drøfta utfordringar, felles interesser, område med behov og potensial for samarbeid og aktuelle møteplassar og prosessar.

Notatet er tenkt som eit grunnlag for vidare drøftingar i kommunane og regionråda etter det innleiande møtet på Voss. Det vert også vist til utfordringsdokument¹ utarbeidd til møtet.

Nytt fylke opnar for nye samarbeidsrelasjonar og moglegheiter for Hardanger og Sogn. Det skjer endringar i kommunestruktur og statlege oppgåver vert overførde til kommunane og regionane. Oppgåver vert også ført frå regional stat til folkevald nivå.

Nye strukturar gjer at vi blir meir avhengig av sterke kommuneregionar der samarbeid vil spele ei tyngre rolle. Ved å starte drøftingane; finne sterke og svake sider, truslar og opningar, kan kommunane og regionråda vera betre budde til dialogen med nasjonale og regionale styresmakter. Ved å stå samla kan indre Vestland vera ei kraft. Avgjerande for å lukkast er vilje til samarbeid og tillit.

Dei to regionane (Hardanger+ og Sogn)² er like på mange område innan befolkningsutvikling, næringsstruktur, kultur og natur. Det er 74 000 innbyggjarar i dei to regionane.

Næringar som står sterkt i Hardanger og Sogn er landbruk, industri, reiseliv og vasskraft.

Indre Vestland har unike kvalitetar og mange likskapstrekk som vi kan byggja på i eit samarbeid. Det er likskapen som er styrken.

Moglege samarbeidsområde til vidare drøftingar i kommunane:

Reiseliv: Reiselivsnæringa er ein av verdast raskaste veksande næringar. Fleire heilårsarbeidsplassar er viktig for lønsemda. Reiselivet i Hardanger og Sogn kan koplast sterkare saman.

Landbruk: Landbruksnæringa står sterkt i begge regionane. Innan frukt og bær har det vore vekst i produksjon og vidareforedling. Her ligg potensial for tettare samarbeid i den veksande marknaden for frukt og bær. Lokalmat, saft- og siderproduksjon er i sterkt vekst og vil verta viktige næringar framover.

¹ Utfordringsdokument Hardanger og Sogn møter det nye fylket, 15.12.2018, Vidsyn rådgjeving AS
<http://www.sogn.regionraad.no/getfile.php/4370136.1687.lpzakqbqmjubmz/Hardanger+-+Sogn+-+Utfordringsnotat.pdf>

² I notatet bruker vi nemninga Hardanger+ om Hardangerrådet og kommunane Vaksdal og Voss. Sogn utgjer 9 av 12 kommunane tilslutta Sogn regionråd.

Naturbasert friluftsliv: Næringslivet i Hardanger+ og Sogn er i stor grad tufta på naturbaserte fortrinn. Det ligg store moglegheiter innanfor natur, helse og aktivitet og omstilling i kryssingspunktet mellom reiseliv og landbruk.

Vasskraft: Dei to regionane har stort overskot av vasskraft. Mykje av krafta går til Oslo og resten av Austlandet.

Aktuelle møteplassar og prosessar

Nytt fylke opnar nye moglegheiter. For Indre Vestland kan dette vera starten på noko nytt. Indre Vestland kan ta ein posisjon og ha ei tydeleg stemme når nytt fylke blir etablert.

Ordførarane bruker tida framover til vidare drøftingar i kommunane (politisk, næringsapparat, næringsliv) for å sjå på vegen vidare og kva samarbeidet kan handla om. Bør det utarbeidast ein identitetsanalyse for indre Vestland? Er det ønske om eit strategiseminar?

Fellesnemnda i nye Vestland fylkeskommune inviterer til dialogmøte 6. februar 2019. Føremålet med møta er å få fram kunnskap og innblikk i utfordringar i ulike delar av det nye fylket.

Hardangerrådet, Sogn regionråd og kommunane Vaksdal og Voss inviterer Nye Vestland fylkeskommune til eit møte med etter dialogmøte.

Rolla og grensene til regionråda i nye Vestland blir tema på erfaringsseminaret i Førde 15. februar 2019 der regionråda er inviterte.

31.1.2019



Referat

Klimatilpassing som miljøteknologisatsing i Sogn

Møtenummer: 1/2019

Møtedato og –stad: 8.1.2019, Sogndal

Deltakarar:

Torgeir Skålid, Sogn næring

Dag Loftesnes, Nordbohus

Rune Henjesand, Innovasjon Norge

Carlo Aall og Tone Rusdal, Vestlandsforskning

Jan Geir Solheim, Sogn regionråd, leiar

Karina Nerland, Sogn regionråd (referent)

Forfall: Jan Heggheim, Sogn og Fjordane fylkeskommune

Terje Søreide, Høyanger næringsutvikling

1. Velkomst ved regionrådsleiar og presentasjonsrunde av deltakarane

2. Orientering om prosjektet ved Vestlandsforskning

Vestlandsforskning innleia om bakgrunn, mål og status. 1) Innhentar forslag på nye miljøteknologiske løysingar for å møte utfordringane klimaendringar stiller overfor samfunnet. 2) Vurdera potensialet for å etablera Sogn som ein nasjonal møtearena for temaet, nye næringsetableringar i Sogn og samarbeide med eksisterande bedrifter. Presentasjonen er lagt ved.

3. Innspel frå referansegruppa til vidare prosjektarbeid.

Jordbrukssjefar vart intervjuar før jul og kom med innspel til kven som kan intervjuast. Næringssjefane blir intervjuar i februar og blir bedne om å gje innspel til bedrifter som kan kontaktast. Ønske om å reindyrke utfordringar som kan utviklast vidare til prosjekt.

Rådet ønsker brei tilnærming med fleire næringar. Det vart teke ein gjennomgang i referansegruppa om andre næringar som bør intervjuast. Vestlandsforskning noterte ned innspel på aktuelle personar som kan kontaktast for intervju. Næringar som vart nemnt: Industri og kraftkrevjande industri (Teknologiseret, Sitep)

Landbruk: Grøntsektoren dvs jordbruk og skogbruk. Ev også dei som driv dyrehald (Haugen gardsmat)

Havbruksnæring (Osland, Sogn aqua)

Byggenæring: Ulike prosjekt som kan vera relevante å sjå på (Nordbohus, andre)

Transportnæring (ferjeselskapa): Gods frå veg til fjord

Andre som kan vera aktuelle å kontakta: Vitensenteret, reiseliv, SIMAS, handelsnæring.

Vestlandsforskning tek med innspela til det vidare arbeidet.

Neste møte i referansegruppa blir i mars.

«f1»
«f3»
«f4»
«f5» «f6»

Oppseiing av avtalar nye Sogndal kommune

I samband med at kommunane Balestrand, Leikanger og Sogndal vert slegne saman til Sogndal kommune frå 1.1.2020, har fellesnemnda for den nye kommunen handsama ei sak der dei har vurdert større avtalar som desse kommunane er ein del av. Dei tre kommunestyra har ved etableringa av fellesnemnda delegert til fellesnemnda å seie opp og inngå avtalar med verknad frå og med 1.1.2020.

Fellesnemnda har fatta vedtak om å seie opp ei rekke avtalar, desse ser de i underståande melding om vedtak. Det vert sendt likelydande brev til dei samarbeidande kommunane i interkommunale avtalar og til dei interkommunale selskapa som direkte vert påverka av vedtaket. Mottakarlista er lagt ved brevet.

Melding om vedtak

Fellesnemnda handsama saka i møte 06.12.2018 sak 38/18, og gjorde slikt vedtak:

1. Fellesnemnda for nye Sogndal kommune seier opp følgjande avtalar om interkommunale samarbeid med verknad frå 1.1.2020:

- a. Sogn kulturskule*
- b. Sogn barnevern*
- c. Sogn barnevernsvakt*
- d. Sogn PPT*
- e. Logopedisamarbeid*
- f. Sogn frisklivssentral*

2. Fellesnemnda for nye Sogndal kommune seier opp følgjande avtalar om interkommunale samarbeid med verknad frå 1.1.2021:

- a. Miljøretta helsevern*
- b. Interkommunal arbeidsgjevarkontroll*

3. Fellesnemnda for nye Sogndal kommune seier opp følgjande avtalar om interkommunale selskap med verknad frå 1.1.2020:

- a. SIMAS IKS*
- b. Sogn og Fjordane revisjon IKS*
- c. Sogn brann og redning IKS*
- d. Alarmsentralen i Sogn og Fjordane IKS*

4. Fellesnemnda seier opp avtalen om regionsamarbeidet i Sogn regionråd, inklusiv underliggende avtalar, med sikte på reetablering av regionsamarbeidet frå 1.1.2020.

Fellesnemnda legg til grunn at nye Sogndal kommune skal vere ein aktiv samarbeidspart

i Sogn regionråd, og delta aktivt i etablerte og komande samarbeid, nettverk og utviklingsprogram.

5. Fellesnemnda seier opp avtalen om tenestekjøp frå Lærdal kommune, til kommunane Leikanger og Sogndal, om legevaktsentraltenester med verknad frå 1.1.2020. Fellesnemnda ber prosjektrådmannen reforhandle denne i løpet av 2019.

6. Fellesnemnda føreset at Flora kommune som vertskommune for Sogn og Fjordane krisesenter vil setje i gang eigen prosess for å sikre oppdatert samarbeidsavtale etter 1.1.2020.

7. Fellesnemnda ber prosjektrådmannen om å snarleg invitere dei samarbeidande kommunane til reforhandling og reetablering av dei interkommunale samarbeida i punkt 1a-f og 2 a.

8. Fellesnemnda ber prosjektrådmannen om å starte prosessen om å reforhandle og reetablere dei interkommunale selskapa i punkt 3a-d.

9. Fellesnemnda ber prosjektrådmannen om å kartlegge om det er interesse i andre kommunar i Sogn regionråd i å slutte seg til nokon av desse samarbeida.

10. Fellesnemnda legg til grunn at reforhandla avtalar kjem til handsaming i møte juni 2019.

11. Fellesnemnda gjev prosjektrådmann fullmakt til å seie opp eventuelt andre samarbeid som ikkje er inkludert i denne saka, og som det er tidsfristar for å seie opp.

12. Alle avtalar om tenestekjøp, medlemskap og driftstilskot vert delegert til prosjektrådmann å seie opp og vurdere reforhandling.

Reetablering av samarbeid og nye avtalar

På vegne av nye Sogndal kommune vil vi gjere aktuelle samarbeidspartar merksame på vedtaket, samstundes som vi understrekar at det i all hovudsak er slik at desse oppseiingane kjem som ein formalitet som ein del av vårt arbeid med kommunereforma.

Vi ynskjer snarleg på nyåret å ha dialog med våre samarbeidspartar korleis vi kan reetablere dei samarbeid der det er aktuelt.

Med helsing

Stig Arne Thune
prosjektrådmann nye Sogndal kommune

Ole Gunnar Krakhellen
kommunalsjef nye Sogndal kommune

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg: Saksutgreiing fellesnemndsak 38/18

Mottakarliste:
Aurland kommune

Høyanger kommune
Luster kommune
Lærdal kommune
Vik kommune
Årdal kommune
Flora kommune
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS
Sogn brann og redning IKS
SIMAS IKS
Sogn og Fjordane revisjon IKS
Sogn regionråd

Kopi til:

Balestrand kommune
Leikanger kommune
Sogndal kommune



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Sakshandsamar: Marit Lunde
Telefon: 57643005
E-post: fmsfmlu@fylkesmannen.no

Vår dato
04.12.2018
Dykkar dato

Vår referanse
2018/3857-
Dykkar referanse

Kommunane i Sogn og Fjordane

Fornyng og innovasjon i offentleg sektor - utlysng av midlar for kommunane for 2019

Fylkesmannen har sett av til saman 5,5 mill. kroner av skjønnsmidlane for 2019 til fornyng og innovasjon i offentleg sektor. 5 mill. kroner skal setjast av til seinare fordeling i løpet av året. Samla skjønnsramme for kommunane i Sogn og Fjordane er totalt på 52,7 mill. kroner. Den samla ramma for det nye Vestland fylke er på 168,3 mill. kroner.

Det vert *ei* utlysng av fornyngsmidlar i 2019 og søknadsfristen for kommunane er sett til 1. mars.

All fornyng av offentleg sektor skal ha som mål å oppnå meir velferd og gode tenester for innbyggjarane, meir lokal fridom og mindre administrasjon og detaljstyring. Fylkesmannen har fastsett føringar for 2019 i samråd med KS.

Prosjekt som ligg innanfor eit eller fleire av desse områda vil bli prioriterte:

1. Kommunale tenester til:
 - helse og omsorg, t.d. velferdsteknologi og auka krav innanfor rus og psykiatri
 - barnehage- og skulemiljø
 - barnevern eller barn som er utsette for vald og overgrep
2. Digital forvaltning, med vekt på brukarvennlege tenester og innhald
Samarbeidsprosjekt som gjer at flest mogeleg av kommunane i fylket brukar same kompetanse- og teknologiplattform, vert prioriterte.
3. Samfunnsutvikling til dømes på desse områda:
 - rekruttering
 - interkommunalt planarbeid til dømes om folkehelse, massedeponi, oppdrett og akvakultur
 - kommunale planverktøy og digitale kart
 - samfunnsstryggleik og beredskap
 - klimatilpassing eller tiltak for å redusere klimagassutslepp
4. Interkommunale utviklingsprosjekt:
 - utgreiingar som grunnlag for vidare prosessar i kommunereforma
 - tenestesamarbeid på område der det har oppstått endringar som følgje av kommunereforma
 - samarbeid om skogbruks- og landbruksforvaltninga

Berre kommunar kan søkje. Samarbeidsprosjekt der fleire kommunar deltek, blir prioriterte. På denne måten vil vi kunne få fram større og meir overgripande prosjekt – mellom kommunar, regionar eller for heile fylket. Kommunar som er med i nasjonale prosjekt, kan få tilskot der det er ein overføringsverdi til andre kommunar i fylket.

Det vert lagt vekt på at prosjekta har ein overføringsverdi, er forankra i kommuneleiinga og hjå tilsette. Prosjekta bør gi klare kvalitetsforbetringar eller effektiviseringsgevinstar. Konkrete gjennomføringsprosjekt blir prioriterte framfor utgreiingsprosjekt. Vi gjev ikkje tilskot til investeringar i utstyr. Den kommunale eigendelen for fornyingsprosjekt er 50 prosent.

Informasjonsstrategi

God formidling av prosjekta som får tildelt midlar er viktig, også for å vise fram kva fylket oppnår der det er nasjonale mål og føringar. Informasjon vert lagt ut på Fylkesmannen sine heimesider, og kommunane presenterer prosjekt på sine egne heimesider.

Prosess for tildeling

Tidlegare år har føringar og tildeling av fornyingsmidlar vore gjort i samarbeid med KS i Sogn og Fjordane. Frå 2019 legg vi opp til at også regionråda i fylket blir inviterte til å vurdere og prioritere søknader. Dette for å få ei lik handsaming av fornying- og innovasjonsmidlar i det nye fylket.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har utvikla ein ny nasjonal database på oppdrag frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet – Prosjektskjønn. Alle søknader og rapporteringar skal sendast inn via denne portalen, og alle prosjekt vert presenterte på ei offentleg side i denne portalen, sjå <https://prosjektskjonn.fylkesmannen.no/offentlig>

Søknadsperioden for 2019 er lagt opp frå 01.01.2019 til 01.03.2019.

Her er lenke til portalen: <https://prosjektskjonn.fylkesmannen.no>
Nye brukarar i kommunane må nytte Id-porten og søke om tilgang til portalen i same lenka.

Informasjon om fornyingsmidlane for 2019 vert og lagt ut på våre heimesider:
<https://www.fylkesmannen.no/Sogn-og-Fjordane/Kommunal-styring/Kommunal-fornyning/>

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
fung. fylkesmann

Marit Lunde
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

ERFARINGSSEMINAR OM GRUNNLAG FOR UTVIKLING AV REGIONRÅDA

Scandic Sunnfjord hotell, Førde

Fredag 15. februar 2019

Vi ser eit endra landskap på Vestlandet innan forvaltning, samfunnsliv og næringsliv som følgje av nye samarbeidsformer og fusjonar både innan offentleg verksemd, næringsliv og det sivile samfunn. Dette gir store utfordringar, men òg muligheiter. Det er med bakgrunn i dette vi vil sjå nærare på grunnlaget og grensene for dagens regionråd.

Dette handlar om regional politikk, partnerskap og samordning i ein region i endring og behov for å tenkje større både med omsyn til bu-,arbeid- og serviceregion, så vel som samferdsle, kulturforståing og politikk. Det er trong for sterkare regional motor for å ta del i veksten på Vestlandet. Tesen vår er at større kommunar vil kunne ta noko av denne rolla, men eit regionråd med endå større nedslagsfelt vil òg kunne vere ein avgjerande aktør her. Samstundes trur vi at rolla som samfunnsutviklar, demokratisk arena, og tenesteprodusent vil bli styrka gjennom eit større regionråd.

Det er med bakgrunn i dette SiS (Samarbeidsforum i Sunnfjord) og HAFS regionråd inviterer til erfaringskonferanse om rolla til regionråda i framtida.

Målgruppe er ordførarar og rådmenn i regionråda i nye Vestland fylkeskommune. I tillegg vil representantar frå fylkesmannen og dei to fylkeskommunane (Vestland fylkeskommune) bli inviterte.

Gunnhild Berge Stang

Leiar HAFS regionråd

Ola Teigen

Leiar SiS regionråd

ERFARINGSSEMINAR OM EIT STØRRE SAMLA REGIONRÅD

Sunnfjord hotell, fredag 15 februar 2019

- Kl. 09.00 Velkomen
- «Regionråda i eit nytt Vestland» v/fylkesordførar i Sogn og Fjordane
Jenny Følling
- Kl. 09.20 «Utfordringar og muligheiter for regionråda i eit nytt regionalt landskap» v/ Jan Per Styve, tidlegare fylkesdirektør Hordaland fylkeskommune.
- Kl. 09.50 «Det regionale Vestland – styrke, svakheit, muligheiter, og truslar - basert på forskning og analyser» v/ Bård Sandal, Direktør for innovasjon og næringsutvikling i Vestland fylkeskommune, og Kathrin Jakobsen, leiar seksjon for forskning, internasjonalisering og analyse, Hordaland fylkeskommune
- Kl. 10.20 «Nytt regionalpolitisk landskap – utfordringar og muligheiter for regionråda» v/ Anne Karin Hamre, ekspedisjonssjef, regionalpolitisk avdeling, Kommunal- og moderniseringsdepartementet
- Kaffi
- Kl. 11.00 Kva for moglegheiter ser regionråda? (10 minutt innlegg kvar):
- HAFS Regionråd
 - Samarbeidsforum i Sunnfjord (SiS)
 - Nordfjordreådet
 - Samarbeidsrådet for Sunnhordland
 - Hardangerrådet
 - Sogn Regionråd
 - Nordhordland regionråd
 - Regionråd Vest
- Kl. 12.30 Lunsj
- Kl. 13.30 Debatt med innleiarar og ordførarar – v/ Rolf Sanne Gundersen
- Kl. 15.15 Oppsummering
- v/ leiar i SiS Ola Teigen og leiar i HAFS Gunhild Berge Stang